



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Kontakt saksbehandlar  
Bjørn Mo, 51568909

## Uttale til høyring av tilleggsutredning - konsesjon - Karmøy - ny 132kV kraftledning Bø - Meland - Fagne AS

**Fagne har sendt over tilleggsutgreiing til NVE den 28. februar 2024. Fagne AS står ved lag om å prioritere trasealternativ 1. Me vil gje ros til Fagne AS for å ha tatt ein ny runde og gjennomført tilstrekkeleg konsekvensutgreiing. Ut i frå ein totalvurdering av omsyn til natur og landbruk støtter med Fagne i å gå vidare med trasealternativ 1.**

Me syner til brev frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) av 05.04.2024 om høyring av konsesjonssøknad og tilleggsutgreiing om ny 132 kV kraftledning Bø-Meland.

Me takkar for utsett frist på høyringa.

### Bakgrunn

Søknad om ny 132 kV kraftledning frå Bø til Meland ble sendt på høyring hausten 2022. Etter høyringa såg NVE det naudsynt å be Fagne om tilleggsutgreiingar for å kunne handsame saka ferdig.

### Vår vurdering

Statsforvaltaren i Rogaland gav og utale til høyring av konsesjon i brev av 24.02.2023. Me var då positive til at Fagne AS hadde gått bort i frå trasealternativ 2 og 2b. Vidare var me sterkt kritiske til at det mangla tilstrekkelege vurderingar av konsekvensar og vurderte kunnskapsgrunnlaget som utilstrekkeleg til å gjere ei vurdering av saka.

I vårt tidlegare svar rådde me tydeleg i frå alternativ 1+1b av omsyn til naturverdiar, særleg fugl. Me vurderte at alternativ 1 såg ut til å vere det minst konfliktfulle for landbruk mens 1c såg ut til å være betre av omsyn til natur.

Me vil gje ros til Fagne AS for å ha tatt ein ny runde og gjennomført tilstrekkeleg konsekvensutgreiing. Her kjem det tydeleg fram kva verdiar som vert råka. Dette vil gjere det enklare å kunne komme med avbøtande tiltak som er gode og treffsikre. Vidare er det vesentleg for å vurdere kva trasealternativ som er best i ein totalvurdering av ulike omsyn. Ut i frå ein totalvurdering av omsyn til natur, landbruk og landskap støtter med Fagne i å gå vidare med trasealternativ 1.



Vi oppfordrar til at det monterast fugleavvisarar på strekk der ein vurderer at det kan være særleg risiko for kollisjon med kraftleidningar.

Med helsing

Tage A.T. Eriksen (e.f.)  
fagleder natur

Bjørn Mo  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 130 Sentrum

4001

STAVANGER